



Informasjon om barnehage

...starten på eit godt liv....

Breidokk barnehage



Herad barnehage



Vesterhuset barnehage

Velkommen til Gol barnehage!

Informasjonshefte for barnehageåret 2023-2024

INNHALDSLISTE:

Velkommen til barnehagane i Gol	s. 3
Spesielle omsyn med Covid 19	s. 3
Generelt om Gol barnehage.....	s. 3
Gol barnehage sitt verdigrunnlag og pedagogisk grunnsyn	s. 3
Barnehagane.....	s. 4
Oppstart/tilvenning	s. 4
Barnehagesatsar og moderasjonsordningar endringar august 2022....	s. 4
Kontantstøtte.....	s. 5
Kontakt Gol barnehage viss du har spørsmål	s. 6
Samarbeid med skulen; overgang barnehage – skule.....	s. 6
Tverrfagleg samarbeid.....	s. 6
Vedtekter for Gol barnehage i Gol kommune frå 2019.....	s. 7
Lov om barnehagar §§ 1-2-3-4	s. 10



VELKOMMEN TIL BARNEHAGANE I GOL

Dette er eit informasjonshefte med nyttig informasjon for dykk som har barn som skal begynne i barnehage. Barnehagen sitt samfunnsmandat er å tilby eit omsorgs-, leike- og læringsmiljø som er til beste for barn under skulepliktig alder. Det skal vere både eit pedagogisk tilbod, og eit velferdstilbod til foreldre/føresette.

SPESEILLE OMSYN MED COVID-19

Sidan året 2020-21 har barnehagane tatt spesielle omsyn til Covid 19 som har ført til endringar av drifta ut i frå smittesituasjonen i kommunen og reglar fastsatt av nasjonale myndigheitar. Barnehagane er tilbake i normal drift, men må likevel vere forberedt på å endre drifta raskt viss smittesituasjonen krev det.

GENERELT OM GOL BARNEHAGE

Avdelingsleiar for Gol barnehage har delegert barnehagemyndede for barnehagane i kommunen; kommunale og privat.

Gol barnehage er også administrasjonseininga for dei tre kommunale barnehagane.

Barnehagane skal følgje: Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagen, Vedtektene for Gol barnehage, (privat eigne vedtekter), Felles årsplan for Gol barnehage og årsplan utarbeida av kvar barnehage i samarbeid med foreldre.

Inkluderande barnehagemiljø er ei viktig satsing i barnehagane der vi legg vekt på godt psykososialt miljø, alle skal få leikevener, opplevingar inne og ute, og å la barna ha medverknad på eigen kvardag i barnehagen. Alle barnehagane arbeider også med å vidareføre lokal kultur og tradisjon, og å vere ute i naturen i nærmiljøet.

GOL BARNEHAGE SITT VERDIGRUNNLAG OG PEDAGOGISKE GRUNNSYN

Gol barnehage skal vere eit godt sted å vere for både barna, foreldra og personalet. Barnehagen skal vere med på å danne eit godt grunnlag for god utvikling vidare i livet.

Vårt pedagogiske grunnsyn er eit uttrykk for dei verdiar, haldningar, den kunnskapen personalet har og korleis vi utøver vaksenrolla overfor barna.

- **Barnets beste:** i samarbeid med foreldra skal vi sjå det enkelte barn sine behov og ståstad ved barnehagestart, og bygge vidare på dette gjennom heile barnehagetida.
- **Barndommens eigenverdi:** skal vere prega av trivsel, vennskap og leik.
- **Tidleg innsats:** for å fremme god utvikling hos alle barn.

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

BARNEHAGANE

- Breidokk barnehage med naturavdeling Hallingmo, felles telefonnummer: 32 02 91 20
4 avdelingar: Stabburet 1-2 år, Løa 2 år, Stallen 3-5 år, Hallingmo 3-5 år
Avdelingane Stabburet, Løa og Stallen har adresse: Tunvegen 4 og naturavdeling Hallingmo har adresse: Gymnasvegen 21. Det er gangavstand mellom bygga.
Styrar: Marita Magnetun, telf. 32 02 91 21, epost: marita.magnetun@gol.kommune.no
- Herad barnehage, felles telefonnummer: 32 02 91 25
5 avdelingar: Maurtua 1-2 år, Bikuba 1-2 år, Revehiet 2-3 år, Gaupefaret 3-5 år, Elgtråkket 3-5 år
Herad barnehage har adresse: Liagardsvegen 25, 4 km frå Gol sentrum.
Styrar: Gry Bækken, telf. 32029126, e-post: gry.baekken@gol.kommune.no
- Vesterhuset barnehage, felles telefonnummer: 32 02 90 25
4 avdelingar: Åsen 1-2 år, Botten 2-3 år, Reppen 3-5 år, Lia 3-5 år
Vesterhuset barnehage har adresse: Vesterhusvegen 3, 1 km frå Gol sentrum.
Styrar: Nina Stensgård, telf. 32 02 90 21, e-post: nina.stensgard@gol.kommune.no
- Klaras familiebarnehage (Privat), telefonnummer: 473 02 691
1 heim, 1-2 år, 8 plassar (dobbel barnegruppe)
Klaras familiebarnehage har adresse: Tronderudvegen 5 b, rett ved Hallingmo idrettspark.
Barnehagen held til i heimen til eigar.
Arbeidande eigar: Klara Magnetun Brotnow, telf. 473 02 691, e-post: kl-magne@online.no

OPPSTART/TILVENNING

Eigne rutinar i eige infofoldar «En trygg barnehagestart» som følgjer invitasjon til besøk i barnehagen før fyrste dag.

Alle foreldre får utdelt «Foreldreperm».

BARNEHAGESATSAR OG MODERASJONSORDNINGAR endringar frå august 2023

Kommunestyret vedtek nye satsar kvart år ut i frå vedtak i statsbudsjettet:

5 dagars plass kr. 3.000,-

4 dagars plass kr. 2.800,-

3 dagars plass kr. 2.550,-

Kjøp av ein dag, pr. dag kr. 500,- (mogeleg for barn med deltids plass når det er ledig på avdelinga)

Søskenmoderasjon og friplass:

Det er 30% søskenmoderasjon for barn nr. 2, og 50 % frå barn nr. 3.

Reduksjon av foreldrebetaling (moderasjonsordningar):

Inga husstand skal måtte betale meir enn 6 % av samla inntekt begrensa oppad til maksimalgrensa for foreldrebetaling. Inntektsgrense er sett til ca. kr. 559 167 frå 01.01.2022.

Gratis kjernetid (20 timar gratis) for alle barn på 2-, 3-, 4- og 5 år, og barn med utsett skulestart timar kjernetid ved samla inntekt under kr. 598 825 brutto frå 01.08.2022.

Begge ordningar er søknadspliktig med søknadsfrist 01.06.23 gjeldande frå august. Søknadar sendt etter fristen vil bli handsama så raskt som mogeleg, og vil bli gjeldande frå månaden etter handsaming. Elektronisk søknadsskjema, og skjema på papir (berre for dei som ikkje har bankbrikke og/eller norsk personnummer) finn de på Gol kommune si heimeside:

www.gol.kommune.no. Dokumentasjon på inntekt for alle vaksne i familien må følgje med søknaden, elles vil den ikkje bli behandla.

Friplass og reduksjon for einsleg forsørgjar søker ein ved sosialavdelinga NAV, Gol kommune. Skjema/hjelp får ein hos NAV Gol, tlf. 55 55 33 33.

Gebyr ved for sein henting:

Barn og foreldre skal ha sagt avskjed med barnehagen til stengetid. Ved for sein henting etter at det er gitt munnleg og skriftleg åtvaring er det eit gebyr på kr. 370,- pr. påbegynt time.

Kost m. frukt og drikke for Gol barnehage:

Størrelse på plassen	Kost kvar dag - 5 dg pr. mnd. inklusiv 1 varm måltid frå kjøkkenet på Helsetunet	Kost – 2 dg pr. mnd. inklusiv 1 varm måltid frå kjøkkenet på Helsetunet
5 dagars plass	kr. 360	kr. 300
4 dagars plass	kr. 320	kr. 280
3 dagars plass	kr. 280	kr. 260

Breidokk og Herad har dagleg måltid (kost 5 dg) i barnehagen, Vesterhuset har måltid to dagar pr. veke (kost 2 dg). Betaling på same faktura som barnehagerekninga 1 x pr. mnd.

Summen dekker også frukt/grønsaker og drikke. Barna må ha med eige matpakke til frukost.

Deltidsplass som ikkje har barnehagedag med varmt måltid får fråtrekk av kr. 100.

KONTANTSTØTTE

Kontantstøtta til barn mellom 1 – 2 år vil bli redusert eller falle bort når barnet går i barnehage.

Retningslinene for utbetaling av kontantstøtte følgjar forskrift til Lov om barnehagar.

Følgjande tabell viser forholdet mellom barnehageplass og kontantstøtte:

Tal på dagar per veke	Utrekna timar per veke	Kontantstøtte frå NAV
5 dagar	Inntil 45 timar	Ingen
4 dagar	Inntil 36 timar	Ingen
3 dagar; barn 13 – 23 mnd	Inntil 32 timar	20 %

Dei føresette pliktar å gje melding til NAV kor stor barnehageplass barnet har. Kontakt NAV for meir informasjon. Barnehagen sin daglege opningstid er utgangspunkt for utrekninga.

KONTAKT GOL BARNEHAGE VISS DU HAR SPØRSMÅL

Gol kommunehus:

Avdelingsleiar: Christine Ravnanger

Tlf. 32 02 91 12 / 93 48 18 31

Epost: christine.ravnanger@gol.kommune.no

Ass. avdelingsleiar: Gunn-Marit Aarset

Tlf. 32 02 91 10

Epost: gunn-marit.aarset@gol.kommune.no

SAMARBEID MED SKULEN; OVERGANG BARNEHAGE - SKULE

Det er laga ein plan for samarbeid mellom barnehage og skule i Gol kommune for siste året før barna startar på skule. Når det skal gjevast informasjon om enkelt-barn blir det innhenta godkjenning frå foreldra.

Siste året før skulestart deltek barna i ei gruppe med sine jamnaldrande i eigen barnehage. I tillegg er det treff mellom barnehagane på våren før skulestart.

TVERRFAGLEG SAMARBEID

Alle avdelingane i Gol barnehage har eit fast samarbeid med helsestasjon, PPT, barnevern, NAV, skule og psykisk helsevern. Samarbeidet kan vera av generell art, og dersom foreldra samtykkjer kan det også gjelde enkeltbarn.

Alle tilsette i Gol barnehage har teieplikt jf. Lov om barnehagar og Forvaltningslova.

Barnehagetilsette har opplysningsplikt til barnevernet og sosialavdelinga. Opplysningar skal i hovudsak gjevast av assisterande avdelingsleiar.



VEDTEKTER FOR GOL BARNEHAGE I GOL KOMMUNE FRÅ 14. juni 2022

§ 1: EIGAR	Gol kommune er eigar av dei kommunale barnehagane og ansvarleg for drifta.
§ 2: FORVALTNING	Barnehagane skal drivast i samsvar med "Lov om barnehagar med føreseger" og retningsliner som departementet fastset. Likeins skal dei drivast i samsvar med kommunale vedtak og planar for barnehagen. Vedtektene er ein del av det juridiske grunnlaget for barnehagane si verksemd. Utval for kultur og levekår (UKL) har det politiske ansvaret for barnehagane i kommunen, og er godkjenningssmynde for nye barnehagar. Sekretariatet er lagt til Gol barnehage. Endring av vedtektene for Gol barnehage (dei kommunale barnehagane) kan vedtakast av UKL. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.
§ 3. FORMÅL OG INNHOLD	Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Jf. Lov om barnehagar § 1. Barnehagen skal vere ein pedagogisk verksemd, og skal gje barn moglegeheit for leik, livsutfolding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. Departementet fastsett nærare reglar om barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplan) ved forskrift. Barnehagen sin eigar kan tilpasse rammeplan til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Jf. Lov om barnehagar § 2.
§ 4: FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL	I samsvar med Lov om barnehagar § 4, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i kvar barnehage. Foreldrerådet vel leiar for foreldrerådet og FAU (foreldrerådets arbeidsutval) innan utgangen av september kvart år. Kvar barnehage har eit SU som skal bestå av: 2 representantar valt av foreldrerådet (foreldrerådsleiar og ein representant til frå FAU) m/ personleg vararepresentant 2 representantar valt av tilsette m/ personleg vararepresentant 1 representant valt av Utval for kultur og levekår m/ personleg vararepresentant Styrar er sekretær i SU og har talerett, men ikkje stemmerett. Foreldre/føresette og tilsette skal vere likt representert.
§ 5: GODKJENNING	Barnehagane er godkjent for barn i alderen 0 - 6 år, dvs. frå 10 månader. Arealnormene for leike- og opphaldsareal: barn over 3 år 4 m ² per barn, og barn under 3 år 6 m ² per barn. Uteområde skal vere seks gonger leike- og opphaldsarealet inne. Krava vert å sjå på som minimumskrav. Administrasjon i Gol barnehage vurderer ved kvart opptak den praktiske arealutnyttinga. Omsynet til t.d. barn med nedsett funksjonsevne og talet på barn over og under 3 år skal vera med i ei slik vurdering.
§ 6: OPNINGSTIDER	Barnehagane er heildagsbarnehagar som er i drift heile året, og opne 5 dagar i veka. Sjå § 14 Ferie, for nokre unntak. Opningstid: normal opningstid er frå kl. 07.30 - 16.30. Opningstidene kan endrast i samsvar med endra behov og driftsformer. Foreldre/føresette kan ved behov normalt søkje om utvida opningstid frå kl. 07.00 og/eller til 17.00 ved hus med fleire avdelingar. Hus med ei avdeling kan berre utvide med totalt ein halv time. Foreldre/føresette søkjar på eige skjema.
§ 7: PLASSTILBOD	Gol barnehage har følgjande tilbod om plass: <ul style="list-style-type: none"> - 3, 4 eller 5 dagar per veke - ved deltidsplass må det veljast faste dagar for heile året - leiar for den einskilde barnehage avgjer om det skal gjevast tilbod om byte av

	<p>enkeltdagar; føresetnad at tal på barn per dag ikkje overstig gjeldande bemanningsnorm.</p> <p>- plass vert tildelt etter gjeldande opptakskriterium, jf. pkt 9. Opptak og opptakskriterium.</p>
§ 8: SØKNAD OM BARNEHAGEPLASS	<p>Gol kommune nyttar det elektroniske opptakssystemet Visma Flyt barnehage ved både ny og endra barnehageplass. Elektronisk søknadsskjema ligg på Gol kommune si heimeside. Fristen for å søkje om plass i samband med hovudopptaket er 1. mars, etter føreutgåande kunngjering i lokalpressa med normalt start frå 15. august.</p> <p>Gol barnehage har i tillegg løpande opptak som tildelast inntil to månadar før den skal takast i bruk, sjå elles § 9.</p>
§ 9: OPPTAK OG OPPTAKSKRITERIUM	<p>Opptaket skal handsamast i samsvar med gjeldande rutinar, lover og forskrifter. Jf. Lov om barnehagar § 16 har kommunen plikt til å gje tilbod om barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder og som er busett i kommunen. Retten til plass gjeld for barn som fyller eit år seinast innan utgangen av november det året barnet fyller eit år. Opptaket er eit administrativt ansvar lagt til kommunedirektør. Vedtaksmynde er ved administrativ delegasjon lagt til avdelingsleiar for Gol barnehage, og er i samarbeid med styrar for kvar barnehage. Ved oppstart i barnehage må søkjaren normalt vere busett i Gol kommune. Opptakskrinseren er Gol kommune. Gol kommune har eit hovudopptak. og i tillegg har Gol kommune løpande opptak for dei som søskar barnehageplass elles i året: alle har rett til barnehageplass seinast 2 månadar etter dato for ynskja start på søknadsskjema. (Unntak er normalt skulens sommarferie).</p> <p>Ved opptak vert følgjande kriterium lagt til grunn for prioritet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf. Lov om barnehagar §18. Skriftleg uttale frå sakkyndig instans må sendast Gol kommune snarast etter innsendt søknad. 2. Barn med andre spesielle behov for stimulering og miljøforandring, og barn med spesielle behov for tilsyn grunna sjukdom. Begge tilhøve krev skriftleg uttale frå fagperson. 3. Barn som er tildelt barnehageplass har rett til same tilbod til skulestart og blir prioritert ved søknad om endra plass ved ledig kapasitet: <ol style="list-style-type: none"> a) val av dag ved deltidsplass i same barnehage b) størrelse av plass i same barnehage c) overflytting til anna barnehage i kommunen 4. Nye barn skal takast inn etter alder, slik at dei eldste blir prioritert. <p>Ved fordeling av plassane til barna skal ein ved val av barnehage i tillegg legge vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Foreldra sin prioritering av barnehage -Barn som allereie har søsken med tildelt plass skal prioriterast til plass i same barnehage når det er ledig kapasitet -Nokolunde lik fordeling når det gjeld barn tatt inn etter kriterium 1 og 2 -Tilnærma lik fordeling på alder, og anna omsyn til samansetting av barnegruppa i den enkelte barnehage.
§ 10: KLAGE PÅ OPPTAK	<p>Det er høve til å klage på vedtaket innan tre veker frå den tid foreldra/føresette er gjort kjend med tildelinga. Kommunen si klagenemnd er klageorgan jf. forskrift. Viser elles til forskrift om saksbehandlingsregler for opptak i barnehage.</p>
§ 11: FORELDREBETALING	<p>Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling etter gjeldande lover og forskrifter, visar til betalingsregelement for Gol barnehage på kommunen si heimeside. Føresette må betale for heile barnehageåret. Det vert sendt ut rekning for 11 månader. Juli er fri betaling som kompensasjon for 4 veker ferie. Reduksjon i betalinga i halve eller heile månader gis ved samanhengande fråvær grunna sjukdom. Legeattest må leggjast ved søknad om refusjon. Ved for sein henting i barnehagen, må det betalast eit fast gebyr etter skriftleg åtvaring for kvar påbegynt time. Satsane blir justerte i takt med betalingssatsane. Ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p>

§ 12: BARNEHAGEÅR	Nytt barnehageår startar 15. august og avsluttast 14. august, for skulestartane avsluttast barnehageåret 1. august/eller ut veke 31. Normalt må plassen for nye søkjarar takast i bruk innan slutten av august. Elles visast til barnehagelova § 12 om rett til plass i barnehage.
§ 13: OPPSEIING	Oppseiing av barnehageplassen, også delar av plassen, skal skje med ein månad varsel frå den 1. eller 15. i månaden. Oppseiinga skal gjerast elektronisk via heimesida til kommunen. Ved hovudopptak på våren er det 3 månaders oppseiingstid for dei som likevel ikkje ynskjer å nytte plassen. Det gjeld ikkje endring av dagar/plass. Barnehageplassen vert automatisk sagt opp når barnet skal byrje på skulen.
§ 14: FERIE	Barna må ta ut 4 veker ferie i løpet av året. Barnehagane er stengt juleftan og nyttårseftan og dagane mellom jul og nyttår og mellom paldesundag og skjærtorsdag i påskeveke. Dette utgjer til saman ei ferieveke. Gol barnehage gjev eit tilbod til barn og føresette heile sommaren, men kvart barn skal ta 3 veker samanhengande ferie mellom 20. juni (skuleslutt) og 14. august (1. august/veke 31 for skulestartarane). Melding om sommarferie skal meldast barnehagen skriftleg innan 1. april. I sommarferien vil normalt barnehagehusa vere opne avhengig av tal på barn. Dei barna som ikkje har ferie, får tilbod om plass der det er opent. Foreldra får melding om samanslåing seinast 1. juni. Personalet skal ordne ferieavviklinga slik at det til kvar tid er personell til stades til forsvarleg drift.
§ 15: PLANLEGGINGSDAGAR	Barnehagen skal i løpet av eit barnehageår ha fem planleggingsdagar. Barnehagen heldt stengt desse dagane. Plassering av planleggingsdagane blir fastsett av personalet, foreldre og samarbeidsutvalet for barnehagen. Ved usemje blir plasseringa avgjort av Utval for kultur og levekår. Planleggingsdagane tel ikkje som ferie.
§ 16: FRAMMØTE/FRÅVÆR	Barna skal ha følgje til og frå barnehagen, og det skal gjevast melding til personalet om at dei er komne/henta. Ved avvik frå normalt frammøte/fråvær skal barnehagen ha melding på førehand. Dersom andre enn den/dei som har dagleg omsorg for barnet hentar i barnehagen, skal det på førehand gjevast melding til barnehagen.
§ 17: POLITIATTEST	Dei som skal arbeide eller ha praksis i samband med utdanning i barnehage må leggje fram tilfredsstillande politiattest jf. Lov om barnehagar § 30 og Forskrift om politiattest i høve barnehagelova. Attesten skal m.a. vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.
§ 18: TEIEPLIKT	Alle som arbeidar i barnehagen har teieplikt i alle tilhøve vedkommande barna og deira heimemiljø jf. Forvaltningslova § 13 og Lov om barnehagar § 44. Dette gjeld også vikarar, lærlingar, studentar eller andre som er tilstade i barnehagen.
§ 19: OPPLYSNINGSPLIKT	Alle som arbeidar i barnehage skal vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå sosial- og barneventenesta. Dei tilsette har plikt til av eiga tiltak å melde frå om slike saker jf. Lov om barnehagar §§ 45 og 46.
§ 20: HELSEKONTROLL	Helsetilsyn skjer i samsvar med Lov om barnehagar § 50. Det skal leggast fram erklæring om barnet si helse før det begynner i barnehagen. Foreldra skal seie frå til personalet i barnehagen dersom barnet/barna har fått ein smittsam sjukdom. Ved mistanke om hovudlus skal personalet kunne kontakte helsestasjonen. Tilsette i barnehage har plikt til å gjennomgå tuberkulosekontroll jf. gjeldande regelverk.
§ 21: INTERNKONTROLL OG TILSYN	Barnehagane er ein del av Gol kommune sitt internkontrollsystem. Kommunen kan føre tilsyn med kvar barnehage jf. Lov om barnehagar § 53.

Den private barnehagen: KLARA`S FAMILIEBARNEHAGE har eigne vedtekter som ligg på Gol kommune si heimeside: www.gol.kommune.no



LOV OM BARNEHAGAR - §§ 1, 2, 3 OG 4

Lov om barnehagar er grunnleggjande for drifta av verksemda. Ein barnehage er ei pedagogisk tilrettelagt verksemd for barn i alderen 0-6 år. Det er utarbeida eiga forskrift til § 2 barnehagens innhold; Rammeplan for barnehagen. Vidare fylgjer utdrag av lova:

Kapittel I. Barnehagens formål og innhold

§ 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 2. Barnehagens innhold

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

§ 2 a. Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole

Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og friskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang.

Kapittel II. Barns og foreldres medvirkning

§ 3. Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna. Foreldrerådet skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 20 satt en maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke til foreldrebetaling utover dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av

foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.



Kapittel VIII; Psykososialt barnehagemiljø

Loven skal sikre at barnehageansatte jobber systematisk for at alle barn i barnehagen har et trygt og godt barnehagemiljø.

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna».

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

«Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller. Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå:

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.»

§43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

«Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.»